



VOSS KOMMUNE

Rådmannen sin stab

Vår ref
12/1351-19 13428/13

Etat/ avd. Saksbeh Ark.
STA EH 044

Dato
24.07.2013

REGLEMENT FOR ADMINISTRASJONSUTVALET

Vedteke i Voss kommunestyre 27. oktober 1994, sak 76.

Oppdatert etter vedtak i KST 20.06.13 – sak 57/13.

la). Samansetjing og val

Utvalet skal ha 5 medlemmer, 3 av medlemene skal veljast av og mellom kommunestyrerepresentantane, 2 skal veljast av og mellom dei tilsette. Leiar og nestleiar skal veljast av og mellom medlemene i kommunestyret.

lb). Tingingsutval

Dei tre politisk valde medlemene i utvalet utgjær kommunen sitt arbeidsgjevarutval. Dei ivaretek oppgåver innan dette feltet.

II. Sakleg arbeidsområde

Administrasjonsutvalet er kommunen sitt utval i personal- og organisasjonssaker og har som arbeidsområde dei oppgåver som har samband med kommunen sin arbeidsgjevarfunksjon. Utvalet har hovudansvar for å ta initiativ innan dette arbeidsområde.

III. Ordføraren skal sjå til at alle saker som har med dei tilsette å gjere (jfr. pkt II), vert handsama i administrasjonsutvalet.

IVa) Avgjerdsrett

Administrasjonsutvalet har avgjerdsrett i alle saker innan sitt saklege arbeidsområde og etter dei retningsliner som er fastsett i lov og avtale, i medhald av lov og avtale, eller vedteke i kommunestyret m.a.:

- a) Godkjenne instruksar
- b) Vedta retningsliner for tilsetjing og rekruttering
- c) Utarbeide og vedta personalpolitiske retningsliner og rullere desse.
- d) Avgjere tvistespørsmål om tolking og praktisering av avtalar, reglement og andre føresegner som gjeld arbeidstakarane sine tilsetjings- og arbeidsvilkår
- e) Andre saker som kommunestyret delegerar til utvalet

IVb). Utvalet kan gjere avgjer i saker som fell inn under punkt VI, når det ikkje er tid til å leggje saka fram for kommunestyret. Melding om vedtak skal snarast råd leggjast fram for kommunestyret.

V. Innstilling/tilråding

Utvalet har innstillingsrett/uttalerett i alle saker som fell innanfor det saklege arbeidsområde til utvalet, og som utvalet ikkje har avgjerdsrett i.

Utvalet vel sjølv mellom sine medlemer ein saksordførar som legg saka fram for kommunestyret.

VI. Avgrensingar i avgjerdsretten:

- Saker som ved lov er lagd til kommunestyret eller andre organ å avgjere
- Saker som kommunestyret sjølv har bestemt skal avgjerast av det
- Vesentlege saker og saker av prinsippiell betydning må vurderast i kvart høve
- Eige delegering etter budsjettreglement.

VII. Klage

A.

Administrasjonsutvalet kan bringe saka inn for kommunestyret.

B. FORVALTNINGSKLAGE

Forvaltningsklage vert handsama etter reglane i forvaltningslova. Saka kan klagast inn for særskilt klagenemnd.

VIII. Meldingar/rapport

- Utvalet lager ein enkel årsrapport/årsmelding innan 01.03. det påfølgjande år
- Utvalet legg elles fram rapportar som kommunestyret ber om